



Kåre Vetrhus er leiar i grunn- og elveeigarlaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Både Uskedal Grunn- & Elveeigarlag og Sportsfiskaren Kvinnherad gir uttrykk for sterk bekymring i samband med sandtak-planane på Døsland.

Elveeigarlaget minnar om at Uskedalselva no framstår som den beste fiskeelva i fylket etter Etneelva og er eit mønsterbruk med omsyn til kva ein har fått til i fellesskap.

Laget har over 40 grunneigarar og rettshavarar som medlemmer og held fram dette i samband med sandtakplanane:

”Det er ikkje tvil om at dette er eit tiltak som vil få negative konsekvensar for lokalsamfunnet.

Vi kan nemna støy- og støvplager for dei som vert naboar til sandtaket. Vi snakkar ikkje berre om trafikktryggleik og miljø, men også omlivskvalitet for dei som skal leva og bu i området dei neste 30 åra. Det kan heller ikkje vera tvil om at eit uttak på 1.400.000 kubikkmeter med masse vil syna att i kulturlandskapet i bygda. Så store massar har ikkje vore flytta i Uskedalen sidan istida. Likeeins avrenning og mulige utslepp til elva frå planlagt vasking av sand. Det siste har vi gjeve mest merksemd sidan det er laget som forvaltar fiskeressursane i elva på vegne av sine medlemmer.

I samarbeid med Fylksmannen vart det sett opp kalkdoserar i 2003. Den vart bygd og er driven av offentlege midlar og driftsansvaret er overført til kommunen. Dette var eit stort løft som ikkje hadde vore mulig utan hjelp frå det offentlege. I dag framstår elva som den beste fiskeelva i fylket etter Etneelva om som eit mønsterbruk med omsyn til kva ein kan få til i fellesskap.

Vi kan heller ikkje sjå at det er mulig å vaska sanden tett inntil elva med den risiko det medfører for miljøet i elva. Eit utslepp kan for eksempel på feil tidspunkt øydeleggja eit heilt årskull av yngel. Ei slik hending vil øydeleggja elva som fiskeelv og det kan vi ikkje godta.

Dersom det i det heile vert gitt løyve til å etablere eit nytt sandtak i dette området, krev vi at sanda vert transportert ut av området før eventuell vasking.”

Elveigarlaget ber også kommunen om å avklara kva betydning EUs vassdirektiv vil få for det planlagte tiltaket. Det gjeld for alle vassdrag i Hordaland frå Etnevassdraget i sør til Masfjorden i nord.

Sportsfiskaren Kvinnherad minnar om den totale situasjon for laks- og sjøaurestanden i Hardangerfjordbassenget og som gjev grunn til bekymring. Det har i år vore eit rekordlavt elvefiske som har ført til store restriksjonar, men Uskedalselva er i ei særstilling når det gjeld fangst av begge fiskeslag.

Berre Æneselva kan samanliknast med Uskedalselva og det gjeld berre antall laks og ikkje sjøaure.

Sportsfiskaren Kvinnherad minnar om at det i denne elva er lagt ned eit betydeleg arbeid og midler til kalking og det har medverka til dei gode resultatane. Det vil difor vera svært uheldig hvis dette arbeidet blir forringa eller i verste fall sterkt skadelidande. Erfaringane frå liknande tiltak andre stader er i følge fylkesmannen negative.

Omsynet til laks og sjøaure må i den aktuelle situasjon for desse artane takast svært alvorleg, held Sportsfiskaren Kvinnherad fram. Difor er det vanskeleg å ha ei positiv innstilling til eit tiltak som i verste fall kan få svært negative konsekvensar for dei to artane. Difor må det settast svært strenge krav til håndtering av den uttatte massen. Det må også undersøkjast muligheter for andre lokalitetar der vasking av sanda ikkje kan få dei same skadeverknader som i sjølve elva.

Av Ola Matti Mathisen